

**Innbyggjarinitiativet Bevar Straume**  
**Pb. 437**  
**5343 STRAUME**  
**Bevarstraume@gmail.com**

**Straume 22. August 2014**

**Hordaland fylkeskommune**  
[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

### **Merknad – Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2014/14561)**

Hovudmålet med planen:

*Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport.*

Intensjonen med planen er god. Sett frå eit innbyggjarsynspunkt meiner vi likevel at omsynet til livskvalitet og bumiljø vert nedprioritert til fordel for omsynet til næringsutvikling.

Kwart senterområde har sitt eige særpreg, forma av dei som bur der og staden sin historie. Det er difor viktig at senterutviklingsprosessen ikkje fører til at innbyggjarar som i dag bur i områda kjenner seg framandgjorde som følgje av utviklinga på sin eigen heimstad. For å unngå dette må det leggast til rette for at bebruarane får større innflyting på utviklinga i sitt eige nærmiljø. Dette kan gjerast ved at innbyggjarane vert inviterte til å medverka langt meir aktivt i planleggjingsprosessen enn det Plan og bygningslova §5 legg opp til.

*Kap. 2. Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vera, bu og drive næring i.*

Sjølv om det vert lagt opp til fortetting, må det framleis vera rom for variert busetnad, med både einebustadar, rekkehus og blokker innanfor senterområdet.

Samanblanding av høghus med eksisterande lavbebyggelse er uheldig. Det får ikkje planleggjast nybygg høgare enn 3 etasjar i tilknyting til eksisterande lavbebyggelse/spreidd busetnad.

Hus/blokker høgare enn 3 etasjar bør som hovudregel konsentrerast til eigne områder utanfor noverande busetnad. I dei tilfella hus høgare enn 3 etasjar likevel vert lagt til områder som grensar mot eksisterande busetnad, skal det som minimum etablerast eit mellomleggjande grøntområde frå nabogrensa tilsvarande 3 x høgda på høghusa. Høgda på nybygga skal tilpassast den eksisterende bebyggelsen, og høgda graderast oppover vekk frå eksisterende bustadområde.

Senterområdet må framstå som "grønt", med rikeleg med mindre grøne lunger, både offentlege og som private hagar.

Av omsyn til trivsel og folkehelse må det vera tilgang til fleire større nærturområde innan gang- og sykkelsavstand.

- *Sentrumsområdet skal vera tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne.*

Planen legg opp til eit senterområde med ein gangavstand på ein kilometer, og ein sykkelavstand på fem kilometer.

Vi er opptekne av at avstandane i planen vert oppfatta som realistiske. Krav til universell utforming av gangvegar er ikkje tilstrekkeleg for at folk vel å ferdast til fots. Situasjon (henting i barnehage, handel, bytur), lokal topografi og vertilhøve vil avgjera korvidt ein kilometer vil verta oppfatta som passande gangavstand, og om ein ser det som praktisk å sykla fem kilometer. Vi fryktar at dei føreslegne avstandane vil verta oppfatta som for store, og at urbaniseringa vil føra til ein sterk auke i biltrafikken i lokalmiljøa.

Målet må vera at skuleungar og andre som vel å ferdast til fots skal kunna gjera det på ein trygg måte. Vi ser det difor som ein føresetnad at lokalvegane innan for senterområdet vert skilta med nedsett fart, samstundes som dei vert opprusta til to køyrefelt, og med fortau på begge sider, eventuelt gang- og sykkelsti. Fortau og fotgjengarovergangar bør vera opplyst.

*Kap. 5 Sentera skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum.*  
Avstanden frå fylkesveg/riksveg til kollektivknutepunkt i sentrum bør vera kortast mogeleg.  
Avstanden frå fylkesveg/riksveg til parkeringsanlegg i senterområda bør vera kortast mogeleg. Tilkomstvegen bør leggjast utanom etablerte bumiljø.

**Innbyggjarinitiativet BevarStraume**

**Liv Strømme**